



HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

Nr. 1

Mars 2009

Årgang 36



Karin Brennesvik, instruktør på telespringarkurset 13.-15. mars

HOLMGANG 2008

Redaktør: Jan Finjord

Redaksjonsmedlemmer:

Audun Rosland

Målfrid M. Aanderaa

Holmgang kjem ut med 4 nummer i året. Bladpengar for direkte tinging av bladet som papirkopi er kr. 50.- pr. år. Lysingsprisar:

1/4 side: Kr. 275.-

1/2 side: Kr. 450.-

1/1 side: Kr. 800.-

Stoff-frist for nr. 2/2009:

Kring 1. mai.

I dette nummeret:

| | |
|--|--------------------|
| Framsidedeilete | v/ ukjent fotograf |
| Det skjer i Siddis-Stova | 2 |
| Leiarteigen | 3 |
| Storkurs i Farsund | 4 |
| Hevdafest i BUL | 5 |
| Fjellet mitt | 6 |
| Salsa eller telespringar? Jatakk, begge delar! | 8 |
| Det kubanske Stavanger | 10 |
| Vi har høyrte at . . . | 11 |
| Ord frå redaksjonen | 11 |
| Annonse | 12 |

Biletet øvst side 10 v/ Glen Lillehammer

TELESPRINGARKURS

i Siddisstova, Rektor Oldensgt. 17, Stavanger

Fredag 13. mars kl. 19-21

Laurdag 14. mars kl. 10-16

Søndag 15. mars kl. 10-14

Kursavgift: kr 350 for medlemmer, kr 400 for ikke-medlemmer

Instruktør er Karin Brennesvik. Ho bur i Telemark og er ein røynd dansar, med stor kompetanse og lang kurserfaring i nasjonale og internasjonale samanhengar.

Lær deg teledansane du òg!



Arrangør: BUL Stavanger
Kontaktperson: Torill Stordalen, tlf. 41551482

Konsert

Laurdag 14 mars, kl 1900 i
Siddisstova,
Rektor Oldens gate 17



Nils Henrik Asheim, klaver
og
Håkon Asheim, hardingfele



Med hovedvekt på gamle slåtter Edv. Grieg omforma etter Knut Dahle

Hans Bjørkroth, nyckelharpa
og
Tor Mathisrud, bass

Dans etterpå med ymse lokale orkester.

Nils Henrik Asheim er kjend komponist og pianist i Stavanger, broren Håkon Asheim er kjend spelemann på hardingfele. Arbeider nå på Ole Bull akademiet på Voss.

Hans Bjørkroth spelar fiolin i Stavanger symfoniorkester, men er også svensk riksspelemann på nyckelharpa.

Tor Mathisrud spelar bass i Stavanger symfoniorkester og er å høyre i mange forskjellige grupper.

Pris: kr 150. Arr: Vibå spelemannslag og BUL

Dette nummeret av Holmgang er sett med 12pt Helvetica i L^AT_EX for Ubuntu 8.10 Linux.

Leiarteigen

2009 er godt i gang. Årsmøtet i laget er historie og eg sit nok ein gang og skriv leiariinnlegg til Holmgang. Det er for så vidt ei trivelig oppgåve det, men det hadde vore endå trivelegare om det no hadde vore ein ny leiari som hadde denne oppgåva. Etter to og eit halvt år som "vikar" for Anne Marie, som for ein periode gjorde Italianar av seg, føler eg at det no er på høg tid å få avsløsing. Det ser imidlertid ut til å vere problematisk å få nokon til å ta over leiing av laget vårt slik det er organisert i dag. Samstundes er det jo mange som gjer ein stor innsats for BUL på fleire områder, så det er nok på tide å sjå om om det ikkje er mulig å forenkle organisasjonen slik at vi ikkje slit ut medlems-flokken med verv som det streng tatt ikkje er behov for. Dette var årsmøtet enig i, så nokre av oss er no godt i gang med å lage eit framlegg til ein organisasjon som er tilpassa dagens aktivitetsnivå. Så får vi sjå om vi, på eit omframt årsmøte i april, kan finne ei løysing på "styrekabalen".

Aktiviteten i laget går heldigvis stort sett sin gang, uavhengig av både finanskriser og lokale leiarkriser. Rett nok må vi innsjå at barnelaget har utspelt si rolle i denne omgang, men aktiviteten i leikarringen er gledeleg positiv, med fleire nye medlemmer som resultat av vellykka kurs. Det er eit godt bevis på at BUL og folkedansen så absolutt er liv laga.

Eigentleg er laget vårt i ein situasjon som mange nok kan misunne oss. Vi har eige gjeldfritt hus og ein grei økonomisk situasjon, som gjev oss høve til å bruke kreftene på kjekke ting som organisering av dansefestar og konsertar. Dette bør vi kunne utnytte i ennå større grad enn det vi gjer i dag. Hvis alle er med og tek eit lite tak når

det trengs, treng ikkje dette vere så vanskeleg å få til heller. I dag er huset i stor grad utleigd til andre lag og organisasjonar for å sikre inntekter til drifta. Dette er sjølv sagt å foretrekke framfor at huset skal stå tomt, men det hadde vore ennå betre om vi kunne gjere meir bruk av huset til eigne aktiviteter.

Men alt til si tid. Nå får vi ta eit steg om gangen og først få på plass ein organisasjon som kan fungere, så får vi sjå kva vi kan få til etter kvart. Det meste her i livet går i bølgedalar, og eg er ganske sikker på at den norske folkedansen også etter kvart vil få ein auka popularitet igjen. Dei komande generasjonar vil nok oppleve og vidareutvikle kulturarven vår i andre former enn det vi gjer i dag, men det er vel det begrepa folkemusikk og folkedans eigentleg handlar om?

Ha ein triveleg og aktiv vår i BUL, og vel møtt i folketøget 17.mai. Vi viste igjen på ein positiv måte i tøget i fjor og skal vel bli enda bedre dette året?

Helsing Roger



Storkurs i Farsund 23-25 Januar

I år var det Vest-Agder Ungdomslag som bad inn til Storkurs på Farsund Fjordhotell. Storkursa er et samarbeid mellom de fire fylkeslaga Rogaland UL, Vest-Agder UL, Aust-Agder UL og Telemark UL der hvert av fylkeslaga ber inn til den årlige samlinga på omgang.

Vest-Agder hadde en ny vri i år; Tradisjonssmaks-kurs. Dette bestod av fleire minikurs i dans fra Agder, Kveding, Langleikspel, Songdans og Kontradans (rekkedans). I tillegg var det kurs heile lørdagen i irsk dans – jeg tror de svetta mye på det kurset.

Den nye vrien var nok grunnen til at tre BUL-damer blei frista til å reise for å være med på noe nytt og spennende. Tradisjonssmaks-kurset favna både svært erfarne folk og noen som var litt ferskere i faget. Det blei en svært trivelig gjeng som fikk prøve seg på både Setesdalsgangar, Springedans fra Fjotland, ymse smådanser fra Agder samt songdans og kontradans. En mindre flokk kasta seg ut i Langleikspel og kveding; det blei vel noen unoter.

Som seg hør og bør var det og de tradisjonelle kursa for å bli folkedans-instruktør, både med vekt på barn og voksne (aspirantkurs). Det var og tilbud for spelefolk i samspill samt flere teaterkurs. Og så var det "Sitt på rompa kurs" der man lærer hvordan drive et lag samt å lage heimside.

Vest-Agder UL hadde gjort en kjempeinnsats med å skaffe gode lærere til kursa og de hadde lagt en koselig ramme om samlinga på Fjordhotellet. Lørdagskvelden var det fest med variert dans samt en flott midnattskonsert med gode innslag fra både teaterfolk, spelefolk og kvedere.



Springedans fra Fjotland med Brit Versland som instruktør

Under bilturen nordover på søndag blei det mye snakk om hva vi kan bruke i BUL fra kursa. Regner med at det kommer noen drypp fra Sørlandet på Leikarringen utover våren. Slike samlinger gir alltid inspirasjon til videre arbeid hjemme i laget. Jeg mener det er helt nødvendig å komme seg avgårde på disse samlingene enten det er på fylkeslagsplan eller i Noregs Ungdomslag på landsplan. Samlingene har alltid høy faglig kvalitet samt at det er sosialt og et sted for utveksling av erfaring og nettverksbygging.

Neste store samlinger med Noregs Ungdomslag er Norsk Amatørteaterfestival i Oslo i begynnelsen av mai og Folkekulturfestivalen i månedsskiftet juli-august på Hamar. Så det er bare å starte planlegginga for aktiviteter fremover!

Anne Marie Nerby

Hevdafest i BUL

Det er alltid kjekt med en dansefest i vintermørket, og på lørdag 7 februar hadde vi invitert til Hevdafest. Festen i fjor var vellykket så vi ville prøve igjen. Hevd er et lokalt gammeldansorkester med besetning torader, trekkspill, gitar og bass. De spiller gammeldans og folkemusikk i runddansstradisjon fra Gudbrandsdalen og Vestlandet.

De ca. 70 frammøtte hadde en fin kveld

og koste seg med musikk fra et orkester med god dansetakt, godt humør og spennende arrangementer. I kaffistova kunne man "puste på" med kaffe, lapper og pølser. Vi brukte hele storsalen og det hadde vært plass til flere på golvet, så til neste år kjem vel du og ??

Johan Dahl



Karane spela og på Landsfestivalen i Vågå i 2007

Fjellet mitt

*Nu er jeg stålsatt, jeg føler det bud
der byder i høyden at vandre!
Mit lavlands liv har jeg levet ut.
Her oppe på vidden er frihet og Gud
Der nede famler de andre.*

Med Henrik Ibsen sitt kjende fjelldikt, har eg lyst til å utfordre medlemmene i BUL til eit personleg vitnemål. Dei aller fleste har eit forhold til eit fjell, det vere seg stort eller lite, i innland eller utland. Fjellet mitt er sjølv sagt Gaustatoppen, som er Telemark sitt "heilage" fjell. Men eg skal ikkje skrive om det no.

I februar i fjor var eg så heldig at eg fekk vere med Universitet i Stavanger på ei studiereise til Midt-Austen. Der fekk eg oppleve Sinaifjellet. I fylgje tradisjonen var det på Sinaifjellet Moses fekk steintavlene med "Dei ti bod" frå Gud, i den tida israelettane vandra rundt i ørkenen. Fjelltoppen på 2.285 m.o.h. høyrer til eit stort granittmassiv og bér namnet *Djebel Musa* i den arabiske verda.

Vi, 47 studentar og lærarar, starta gry-

tidleg frå Kairo og brukte lang tid berre på å komme ut av trafikkaoset i millionbyen. Turen gjekk mot aust under Suez-kanalen og vidare sørover langs kanalen, der vi fekk oss eit fantastisk bad. Guiden visste kor dei varme kjeldene var. Sandørkenen tok slutt og steinørkenen tok over. Vi dreide igjen austover og steig og steig til vi omsider nådde Katharinaklosteret som ligg ved foten av Sinaifjellet, 1500 m.o.h. Klosteret blei bygd på 500-tallet og er kjend for si store ikonsamling.

Det blei sein middag den kvelden. Geitekjøtet var seigt, men det glei ned. Romma på gjestehuset var spartanske, men det var ikkje mange timane vi skulle sove. Eg hadde så vidt blunda, då det banka på døra, klokka var 01.45. På tide å hoppe i anorakken og overtrekksbuksa og få lykta på hovudet. Ullkleda hadde vore på heile natta, det var kaldt i rommet. Ute i mørkret gjorde glovarm te godt i ein kald og søvning skrott. Å sjå soloppgangen frå toppen av Sinaifjellet, var målet vårt.




Sinaifjellet er ein del av eit stort granittmassiv

Det er to vanlege ruter til toppen. Vi gjekk den lengste, *Siket El Bashait*, som tek om lag to og en halv time. Stigen snodde seg 800 høgdemeter oppover og oppover. Det var smalt og steinete. Vi gjekk i kø og beduinane gaulte "camel madam!" heile tida. Dromedarar med turistar som ikkje orka å gå strauk tett forbi i mørkret. Dei som turde å lyfte blikket, oppdaga ein fantastisk stjernehimme.

Her var alle slags folk, nyrike russarar med holete dongeribukser av siste merke. Dei blei ganske frosne. Tyske damer med høghælte støvletter, dei blei ganske slitne

etter kvart. Asiatiske damer som nok ikkje hadde gått i fjellet før, blei og veldig slitne. Men gjengen frå Stavanger, med utstyr frå Bergans, McKinley, Stormberg og Norrøna klarte seg bra. Vi hadde vore ute ei vinternatt før.

Nesten på toppen låg nokre små steinhytter. Vi blei geleida inn i ei av hyttene til eit krus varm te og eit teppe. I god tid før soloppgangen fann guiden vår gode austvendte plassar på toppen. Der sat vi som fuglar på eit fuglefjell, med nasen mot aust, pakka inn i teppene og venta og venta.



Soloppgangen frå Sinaifjellet var fantastisk

Kameraet var klart og oppmerksomheita var retta mot aust. Alle skiftningar på himmelen blei iaktatt - og der dukka solskiva opp. Det gjekk eit gisp gjennom folkemengda. Målet for turen var nådd! Då sola var heilt oppe på himmelen, var det på tide å komme seg ned frå fjellet.

Då tok vi den raskaste vegen, *Siket*

Sayidna Musa med 3750 trappetrinn. Det blei konkurranse om å komme først ned til frukost, men sjølv norske fjellgeiter kjende trappene godt i beina i lang tid etterpå.

Med denne fjellopplevinga sender eg stafettpinnen vidare. Eg veit at det er mange fjellgeiter i BUL!

Torill Stordalen

Salsa eller telespringar? Jatakk, begge delar!

Handa på hjartet: Kor mange av dykk BUL-ingar der ute har fått servert *det infame spørsmålet* når de stig på bussen? Sjå føreren granskar deg, og så kjem det: **“Ein vaksen?”** Første gongen skjønna eg ingenting og svarte “ja, det ser du vel”. Men så, midt mellom Sandnes og Stavanger, gjekk poenget opp for meg. Han såg det bare så altfor vel. Kjenner du deg igjen? Tenkte det, ja.

Vi kan bare innsjå det: vi er både blitt vaksne og godt vaksne, dei fleste av oss. Ikkje noko unaturlig i det; “slekt skal følge slekters gang”. Det som er urovekkjande, er at vi sit her med ein kulturarv vi skal gi vidare, men kor har kulturarvingane tatt vegen? *“Ka då ittepå?”* Siddis-stova som bu- og aktivitetssenter eller “Helseheim” med rullatordans rykkjer stadig nærare, og vi er fleire enn Torill som ser tragikomikken i det. Det er ikkje den lagnaden vi ønskjer for laget eller den frilynde ungdomsrørsla.

Kvifor går vi eigenleg på dans? Kva for motivasjon ligg bak når vi kan hende kvar veke drar på øving i Leikarringen, eller når vi pyntar oss til fest i stova vår? “Nå skal eg dyrke den norske kulturen?” Eller: “Nå skal eg ha det kjekt?” Ideelt sett begge delar, men eg trur jakta på *dansegleda* er det som driv dei fleste av oss ut på golvet. Og som får oss til å kome att, viss vi kjem att.

Eg må bare vedgå det: eg har vore med på eit eksperiment. Dvs. det er redaktøren vår som er forskaren, så det er han som får ta skulda. Tenk dykk tre vaksne BUL-ingar, Jan, Ragnhild og meg, på eit salsa-kurs mest for studentar, der dei átvara om jenteoverskot tre veker på førehand. Dette låg an til å bli såpeopera av mest dramatiske slaget. Det nye UiS-realityshowet **“Så DU trur du kan danse?? 20 vs. 60.”**

Ei mager trøyst at vi tre til saman dro aldersgjennomsnittet godt opp. Alt låg an til katastrofe. Men, som de nok har gjetta; det gjekk godt. Så godt at eg faktisk har meldt meg på vidaregåande i same slengen. Eg har vore på salsa før og var derfor skeptisk, men her opplevde eg at det gjekk an utan å vrikke norskdommen eller begge lårhalsane av ledd. Dei to entusiastane Anne og Gabriel underviste inspirerende og tok for seg kvar av danseturane systematisk til dei sat; ein pedagogikk vi kjenner att frå BUL-instruktørane våre og som passar den norske folkesjela. Problemet med jenteoverskotet blei løyst elegant etter same prinsipp som i Setesdalsgangaren.

For å krise-minimere på førehand, prøvde eg å få med eit BUL-mannfolk til, så eg spurde den første eg kom over på parkeringsplassen vår. Sidan vedkomande enno ikkje har stått fram som salsainteressert, skal eg la han vere anonym. Påfallande var det at han svarte ja med ein gong; dette hadde han lenge hatt lyst til. Nokon som kjenner seg igjen? Ein halvtime før vi skulle i løva si hole (kva i all verda heiter det på nynorsk?), ringde imidlertid personen meg og stilte det andre infame spørsmålet: *“Ka då ittepå?”* Eg blei svar skyldig. Framtida som evigheitsstudent i salsa på UiS i vår alder er heller ufristande. Ein mangel er mao oppstått.

På Jærhagen heiter det: *“Jær noge nytt. Jær noge annleis”*. Vi lever i eit globalisert samfunn; om ikkje lenge får Bunadrådet hijab-problematikken å baske med. Dei av oss som har fått oppleve stemninga i Øvre Holmegt. 20 på sytti- og åttitalet, har minne dei unge i dag bare kan misunne oss. (Takk for den fabelaktige talen om

det på Hå-festen, Karen; eg kjende meg så til dei gradar att!) Men, diverre for oss, tida går ikkje baklengs. Eigentleg er vår generasjon eit paradoks. Snart er vi for gamle, men dei fleste av oss er for unge til å vere *tradisjonsberarar*. . . Likevel er vi veldig tradisjonsbundne. Tradisjonen ber kan hende oss? Vi er urbane kvasi-bønder, folk som i barndommen hata Folkemusikkhalvtimen, men kom på betre tankar i møtet med BUL. Vi har måtta gå på kurs for å lære oss den kulturen vi nå forvaltar. Då skulle vi kan hende ikkje stille oss så skeptiske til andre folkelege dansekulturar vi i utgangspunktet har lita peiling på?

Eg har ofte lurt på kva Hulda og Arne ville funne på om dei hadde levd i det multikulturelle samfunnet vårt i dag. Kan hende hadde Hulda utvikla ein hijab-variant til bunadbruk? Både ho og mannen var kulturradikalarar og i forkant av si tid. Paradokset her er jo at nytenkarar ender opp som autoritetar for kulturarvingane sine og dermed blir tatt til inntekt for verdikonservierende idear. Kan hende hadde Hulda gått både på internasjonal folkedans og salsa-kurs, i tillegg til det banebrytande arbeidet ho er kjend for. Ho var ikkje skvetten! Kan hende er det på tide med eit paradigmeskifte; og om ikkje for anna, så for å overleve.

Må eg velje mellom salsa og telespringar, vel eg springaren. Først er det gjennom bygdedansen eg opplever den store, gjennomgripande dansegleda Jan så flott skildra etter eit salsakurs. Det er musikken til rørspols, setesdalsgangar og endå meir telespringaren som i mine beste stunder gir meg kjensla av å sveve over

golvet i “ein høgare einskap av kropp, sjel og musikk”. Desse slåttane og denne dansen går rett inn i beinsjela. Men skjønner ungdomen det?

Vi har det beste dansegolvet i byen. Vi har fantastiske spelemenn og instruktørar. Vi har ein arv å formidle. Byen er full av danseglyde ungdomar. Nokre av dei dansar salsa, javel, men dei kan og godt tenkje seg meir norsk folkedans enn dei lærte på ungdomsskolen. (Eg har intervjuet dei på kurset.) Vi har ein oppegående internasjonal folkedansklubb i byen med fleire folk som er yngre enn oss. . . Dei har dårlege lokale, og somme av dei er og interesserte i norsk folkedans. Eg skal ikkje fornærme lesaren med å trekkje konklusjonen. Eg trur den gir seg sjøl.

I valet mellom telespringar og salsa, vil eg aller helst ha begge delar. Men eg vil ha begge delar i BUL! Det ønsket er eg faktisk ikkje aleine om!

Anna



Det kubanske Stavanger



Alle var der. Alle som kan danse salsa, og nokre som ikkje kunne. Vi såg Anne Christine Bie og Gabriel Husebø frå STIL-Dans, Geldys og Alain Morales Feito, og dei andre SalsaNor-instruktørane. Og John Gunnar Akerø, Glen Lillehammer, José Sanchez, og... Samt Holmgangs utsende.

Vi taler sjølvsgagt om SalsaNor-festen i Stavanger Hall lørdag 7. mars. Dei hadde kapra "Pupy y Los Que Son, Son", eit verdskjent kubansk salsa-orkester, som er

på Europaturne. Det spelar salsamusikk i "timba"-stil, som avspeglar salsautviklinga på Cuba frå "son montuno".

SalsaNor feirer 10-årsjubileum i 2009. Medan STIL-Dans held seg til den internasjonale dansestilen, reindyrker SalsaNor kubansk stil i danseuttrykket, med meir hoftesving og "bekkenrotasjon". Fin morsjon for sakralleddet i korsryggen, altså. Samt risting med skuldrane – "e mucho macho", seier Geldys. Ho er ein av dei kubanske instruktørane som SalsaNor har knytta til seg i dei seinaste åra. I vår kan vi ta "Cubanissimo", 10-vekers-kurset hennar i folkelege stilartar i kubansk dans.

SalsaNor legg stor vekt på "Rueda de Casino", ein kubansk ringdansvariant av salsa, som minner om familievals. BUL kunne sende ein patrulje til Bikubå på rekonosering. Frå Færøydans til Rueda – blir det Leikarringens nye satsingsområde?


J.



"Pupy y Los Que Son, Son" i aksjon (foto: Patrick Bonnard 2008)

Vi har høyrte at ...

- Leikarringstyret har denne samansetjinga etter årsmøtet 27. januar: Leiar Torill Stordalen, kasserar Johan Dahl, skrivar Magne Helle, styremedlem Kornelius Dalaker, 1. varamedlem Gunnar Nitter, 2. varamedlem John Olaf Grimstvedt.
- RU held årsmøte i Siddis-Stova lørdag 14. mars.



- RU ville arrangere ungdomssamling i Siddis-Stova i årsmøtehelga. På programmet sto eit kurs i revy og teater, og eit anna i swing, salsa og linedance – sjå plakaten. Ingen melde seg på. Kor var ungdommen blitt av?

Ord frå redaksjonen

I beste forstand, BUL er ein elitistisk organisasjon. Vi vidarefører til dømes danse-tradisjonar med mange og innfløkte turar, jamfør fransesen for ein tirsdag eller to sidan. Ikkje har vel den nokon gong vore folkeleg. Kan ein se for seg at den skal (gjen)innførast "på lokalet"?

Og slik skal vi vere, BUL skal stå for noko ekstra. Inkludert ytterpunkt som stilfulle hoffdansar – og utafor Telemark, telespringar. Kanhende og for rytmisk innfløkte latinamerikanske og afrolatinske dansar med folkeleg opphav. Å gjere element frå slike til våre eigne, krev føresetnader ein nok finn oftare i BUL enn i Rorbua.

Vi skal ikkje "diversifisere" til workout med den enklaste og mest sveittedrivande swingstilen. Men rett skal vere rett: Leigetakarane i Siddis-Stova held og kurs i morosam og variert swing.

Holmgang har ikkje "redaksjonelle synspunkt". Utsegner frå einskildpersonar i redaksjonen står dei sjølve for. Medlemene i laget avgjer om BUL skal legge om kursen, kanhende finn dei interessante synspunkt i innlegga i dette nummeret.

Då lyder den nye fjellvettregelen: Det er inga skam å snu før du må, og blir det litt i seinaste laget, så grav deg i alle fall ikkje ned!

B

RETURADRESSE: P.b. 451 Madla 4090 Hafrsfjord



**NORDAKER
BUNADER A/S**

**Spesialforretning i Rogaland, Østervåg 19,
4006 Stavanger tlf. 51 89 70 40**